

Valmøte 16.08.: Vilkårå for nynorskelevane i skulen

Innleiing: SPRÅKDELTE UNGDOMSSKULAR

Liva Thiis

Mitt namn er Liva Thiis. Eg er 22 år, kjem frå sjølvaste Odda og studerer no lærarutdanning ved NTNU.

Om eg skal tippe, er det vel ein slags kombinasjon av det å vere fra Odda og det å vere framtidig lærar som gjer at eg faktisk blei invitert hit i dag. “Då eg var ung” var eg ein engasjert og nokså medviten deltakar i ein språkdelt ungdomsskule, i tillegg til at eg no representerer ei lita brikke i den framtidige skulen. Eg er tidlegare elev ved Odda ungdomsskule, som før den var kjent frå Netflix-serien Ragnarok, kanskje var mest kjent for den unike språkdelinga der, også kalla Oddamodellen.

Språkdelt ungdomsskule er, som navnet skulle tilseie, at ordninga med språkdelte klassar held fram gjennom ungdomsskulen. All undervisning og alt av undervisningsmateriell går føre seg på eiga målform til eikvar tid, fordi heile klassen har denne målforma til felles - det blir heilt sjølvsagt. Dette er ikkje lovfesta, som det jo er på barneskulen, men i Odda blei det likevel gjennomført fram til 2014. Då blei Oddamodellen truga av økonomiske årsaker, og dåtidas elevråd, inkludert meg, var raskt ute med å forsvare den.

I den nye språklova som kom i år blei det igjen vedteke at nynorsk og bokmål er to likestilte skriftspråk. Dette er lovfesta, men gang på gang så opplever minoriteten, som i dei fleste tilfelle er nynorskbrukarane, at dei må vike for fleirtalet. Eg, saman med det eg torer påstå er ein god del av målrørsla, meiner at språkdelte ungdomsskular er eit effektivt tiltak for å ta vare på nynorsk- og bokmålselevar i like stor grad. Og dette er jo ikkje berre ein visjon eg har heller - eg har faktisk levd denne draumen.

Kvar gong eg fortel om språkdelte ungdomsskular er det nokon punkt eg er nøydd å ta opp. Eg er jo eit av fleire produkt av dette, og har merka meg nokre moment som eg meiner kanskje kan ha ein viss korrelasjon med tid brukt på språkdelt ungdomsskule.

For det første vil eg gjerne nemne at eg kjenner meg som ein *trygg* språkbrukar. I dei aller fleste konstallasjonar er som sagt nynorskfolket diverre ein minoritet, men eg har ingen problem med å vere det og likevel krevje å uttrykke meg på mitt skriftspråk. På

læruddanninga har vi mykje gruppearbeid, og eg har på alle gruppene hittil vore einaste nynorskbrukar. Likevel har eg endå til gode å skrive ei gruppeinnlevering på bokmål, fordi eg stort sett insisterer på å få skrive på nynorsk. Kanskje er eg bare vane med den luksusen fordi heile skulegangen min har vore slik, kanskje har eg vore ekstremt heldig med gruppene, kanskje er ikkje bokmålsbrukarar så vanskelege når det gjelde nynorsk som ein ofte får inntrykk av - men først og fremst så trur eg det er noko med å bli medviten på sitt mål som ein del av sin identitet.

Det er alt det juridiske og det rettslege og det politiske, men som med alt anna er det også det som går på kjensler. Og språk er kjensler, mykje fordi språk er identitet.

Dette er noko rektor ved Odda ungdomsskole likar å peike på - i Odda seier vi “ho er bokmål” eller “han er nynorsk” når vi snakkar om medelevane våre. Det er ikkje positivt eller negativt ladd, berre ein viktig identitetsmarkør. Sjølv sagt er ein meir enn berre målforma si, og det får ein absolutt vere, men eg synast det er noko fint med at ein blir såpass knytt opp mot språket sitt. Igjen kan eg bare snakka ut frå egne erfaringar og mi oppfatning av andre sine erfaringar, men eg trur det er positivt for elevane sitt forhold til sitt skriftspråk.

Mange stader i Norge der nynorskbrukarar bur er såkalte “språkblanda” områder, altså eit område med ei god blanding av bokmål og nynorsk. Og det er jo i utgangspunktet noko fint og unikt ved at to målformer kan gå hand i hand på dette viset. Samtidig er eg litt redd for at mange opplever at bokmålsfleirtalet blir for dominerande, sånn at det blir fleire målbyte og lågare nynorsk sjølv tillit. I verste fall kan det jo òg oppstå tendensar til fiendteige innstillingar til nynorsken og konflikt i samband med val av målform i undervisninga, som kan gjere det vanskelig å skulle integrere språket i sin identitet. Og då er det jo igjen luksus å tenke på at vi i Odda ikkje trong å tenke over dette eingong. Vi hamna aldri i slike situasjonar, for vi hadde språkdelinga.

Kva er så vidare konsekvensar av dette? Det som er observert i Odda, er at det er eit nokså lågt målbyte samanlikna med andre språkblanda område. I dei aller fleste tilfelle er det eit byte frå nynorsk til bokmål, moglegvis fordi bokmålspresset blir for stort i språkblanda klassar.

Mitt kull begynte på vidaregåande i 2015. Vi var 56 elevar som gjekk frå Odda ungdomsskole til Odda vidaregåande skule. Berre to bytte målform frå nynorsk til bokmål.

Dette er rett nok berre tal frå eitt kull, men tendensen er observert av lærarar over ei årrekke. Det er tal som går att år etter år. I grunnskulen i Odda er det ikkje målbyte, og i overgangen frå grunnskulen til vidaregåande er det altså svært lite.

Sidan vi følte at Oddamodellen hadde gitt oss så mykje, så skulle det nesten berre mangle at vi gav litt tilbake då den trong oss. Den blei som sagt truga i dåtidas Odda kommune i 2014, og vi som var i elevrådet då engasjerte oss sterkt på alle moglege arenaer for å stå opp for Oddamodellen. På ein måte kan ein jo tenke at det var litt hell i uhell at det skulle skje, for vi fekk jo et unikt innsyn i demokratiske prosessar, heilt i tråd med demokrati og medborgarskap som tverrfagleg tema i fagfornyinga. Men samtidig så skulle ein jo ønskt at dette ikkje hadde vore ei problemstilling i det heile teke, fordi eg og dåtidas elevråd og mange andre tilhengarar av språkdelt ungdomsskule oppriktig trur at dette er eit stort steg i riktig retning når det gjeld å ta vare på elevane si opplæring og sitt forhold til eiga målform, uansett kva den måtte vere.

Mine synspunkt som tidlegare elev er altså i fullstendig samsvar med det Hordaland Mållag legg fram krav om når det gjeld språkdelte ungdomsskular. Som framtidig lærar trur eg også dette kan vera eit verktøy på vegen til å skape elevar som er trygge, medvitne og lykkelege nynorsk - og bokmålsbrukarar. Eg kryssar fingrane for at eg ein dag kan få vere lærar på ein skule som følger denne forma, så skal eg heller love å bidra som ein del av medvitne lærarkrefter i utdanninga og danninga av desse elevane.